

U- og V-dalar

Nødvendig utstyr:

- Ein isboks eller liknande
- Sand
- Mugge med vatn
- Stein, isklump eller liknande

Førebu eksperimentet:

Fyll boksen litt over halvfull med sand.

Gjennomføring:

- 1) Glatt ut sanden viss det er spor i han. Før isklumpen nedover, gjerne fleire gonger. Korleis ser tverrprofilen av sporet ut?
- 2) Hell vatn i sanden. Hell frå eine sida av boksen over til motsett side. Korleis ser tverrprofilen ut?

Forklaring:

Dette forsøket viser korleis U- og V-dalar blir danna. Først nyttar du ein stein eller isklump til å lage spor i sanden og sjå at det blir ein U-dal.

Deretter skal du helle vatn i og sjå at det grev nedover (V-dal).

Aktuelle spørsmål:

1. Kva er ein U-dal?

- ⇒ Ein dal som er laga av troll.
- ⇒ Ein dal som breen har laga.
- ⇒ Ein dal som er grave ut av vatn.

2. Kvifor heiter det U-dal?

- ⇒ Den har form som ein U.
- ⇒ U står for uregelmessig dal.
- ⇒ Den liknar ikkje på ein U.

3. Kva for ein eigenskap hos breen er det som gjer at det blir danna U-dal?

- ⇒ Breen grev berre nedover.
- ⇒ Breen grev både i djupet og i breidda.
- ⇒ Breen tek av og til ein U-sving

Svar på spørsmåla:

1. Ein dal som breen har laga.
2. Den har form som ein U.
3. Breen grev både i djupet og i breidda.